

# **Forskrift om unntak frå reglane om fysisk møte mv. i samvirkelova som følgje av utbrot av koronaviruset**

Fastsett ved [\*\*] [\*\*] 2020 med heimel i lov [\*\*] 2020 nr. [\*\*] om [\*\*\*].

## **Kapittel 1. Føremål**

### *§ 1. Føremål*

Føremålet med forskrifta er å leggje til rette for at saksbehandlinga i styret, årsmøtet og andre organ i samvirkeforetak kan skje utan personleg frammøte.

### *§ 2. Forholdet til samvirkelova, forskrift fastsett i medhald av lova og vedtekter*

Ved motstrid går føresegnene i denne forskrifta føre det som er fastsett om saksbehandlinga til styret, årsmøtet og andre foretaksorgan i lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova), lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer (revisorloven), forskrift fastsett i medhald av lov, og vedtektene til samvirkeforetaket.

## **Kapittel 2. Unntak frå reglar i samvirkelova**

### *§ 3. Unntak frå krav om å halde fysiske styremøter mv.*

(1) Styreleiaren kan avgjere at styret skal behandle og avgjere saker som telefon- eller videomøte, skriftleg eller på annan fullgod måte utan at styremedlemmane er fysisk samla. Alle styremedlemmane skal lengst råd få vere med på ei samla behandling av dei saker som behandlast. Føresegna i samvirkelova § 82 andre ledd andre punktum om at dei enkelte styremedlemmane og dagleg leiar kan krevje saksbehandling i møte, gjeld ikkje.

(2) Om saksbehandlinga skjer i fysisk møte, kan kvart styremedlem krevje å få delta per telefon eller video eller på annan forsvarleg måte utan å vere fysisk til stades. Det same gjeld dagleg leiar, revisor og andre for saker der desse har rett eller plikt til å delta.

(3) Protokoll frå styremøtet kan signerast ved elektronisk signatur.

(4) Første og andre ledd gjeld tilsvarande for styrets møte med revisor etter revisorloven § 2-3.

### *§ 4. Unntak frå krav til å halde fysisk årsmøte mv.*

(1) Styret kan vedta at årsmøtet skal haldast utan personleg frammøte, medrekna ved bruk av telefon- eller videomøte eller på annan forsvarleg måte.

(2) Styret skal så langt mogleg leggje til rette for at alle medlemmane kan delta og røyste, og skal syte for at deltaking og røysting kan kontrollrast på forsvarleg måte. Styret kan fastsetje nærare føresegner til deltakinga og røystinga og kan gi medlemmane rett til å røyste på førehand.

(3) Styret skal så langt mogleg leggje til rette for at revisor, dagleg leiar og andre som har rett eller plikt til å delta i årsmøtet, kan delta utan å vere fysisk til stades.

(4) Første og andre ledd gjeld tilsvarande ved val av utsendingar etter samvirkelova § 37.

(5) Protokoll frå årsmøtet kan signerast ved elektronisk signatur.

*§ 5. Unntak frå krav til å halde fysiske møter i representantskapet, kontrollkomiteen og andre foretaksorgan*

Har samvirkeforetaket representantskap, kontrollkomité eller andre organ, gjeld føresegnene i § 3 så langt dei høver.

### **Kapittel 3. Varigheit og iverksetjing**

*§ 6. Varigheit*

Forskrifta gjeld så lenge førebels lov xx. mars 2020 om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 mv. (koraloven) gjeld.

*§ 7. Iverksetjing*

Forskrifta vert sett i verk straks.